

Vedtekter for Studentsamfunnet i Volda

§1 Formål

- § 1.1 Studentsamfunnet i Volda skal fremje kontakt mellom studentar ved HVO og fremje kulturell verksemd blant studentane.
- § 1.2 Studentsamfunnet skal i henhold til avtale inngått med Studenthuset AS vere ansvarleg for kveldsdrifta av Studenthuset Rokken.
- § 1.3 Vedtektene er organisasjonen sine formelle regler, og er overordna øvrige styringsdokument. Vedtektene kan kun reviderast på årsmøtet. Dei gjeldande vedtektene ligg alltid til grunn og det må vere 2/3 fleirtal for å vedta endringar. Endringane trer i kraft når endeleg dokument er vedtatt.
- § 1.4 Styret gis myndighet til redaksjonelle endringer i vedtektene.

§ 2 Medlemskap i Studentsamfunnet i Volda

- § 2.1 Alle studentar ved HVO kan verte medlemmar av Studentsamfunnet i Volda. Innmelding gjerast ved å betale medlemsavgift gjennom Tikkio.
- §2.2 Medlemsavgifta er satt til kr 250,- per medlem for eit halvt års medlemskap, og kr 400,- per medlem for eit heilt års medlemskap.
- §2.3 Administrasjonen i Studentsamfunnet skal halde ein oppdatert liste over alle aktive medlemmer i Studentsamfunnet.
- §2.4 Styret i Studentsamfunnet kan etter eigen diskresjon gi særlege medlemsfordelar til medlemmer som er frivillege ved Studenthuset Rokken.

§ 3 Styret i Studentsamfunnet i Volda

- § 3.1 Styret i Studentsamfunnet i Volda skal bestå av følgjande verv valt av årsmøtet:
 - a) Leiar
 - b) Økonomiansvarlig
 - c) Crewansvarleg
 - d) Baransvarleg
 - e) Teknisk ansvarleg
 - f) Teknisk ansvarleg
 - g) Velferdsansvarleg

h) Styremedlem

i) Styremedlem

Og følgjande verv tilsett av Studenthuset Rokken, anerkjent av styret:

j) Vaktansvarleg

k) PR-ansvarleg

l) Bookingansvarleg

m) Bookingansvarleg

§ 3.2 Funksjonstida er frå ein vert vald og fram til neste valmøte for sitt verv. For dei fleste verv er dette på årsmøtet i januar, for den eine teknisk ansvarlege og det eine styremedlemmet vert det på medlemsmøtet i august. På- og avtroppande styremedlem skal delta på ein overlappingsperiode. Denne perioden varer til VEKA er gjennomført.

§ 3.3 Alle styremedlem skal vere studentar ved HVO, eller ha fullført studieløp innan eit år før start av funksjonstida.

§ 3.4 På- og avtroppande styremedlem skal gjennomføre ein overlappingsperiode. Denne perioden varar frå valet haldast til VEKA er gjennomført, eller tilsvarande tidsperiode.

§ 3.5 Mistillit kan fremjast av eitkvart medlem av Studentsamfunnet dersom eit styremedlem ikkje fungerer i sitt verv, eller på annan måte skader omdømmet til Studentsamfunnet eller Studenthuset AS. Mistillitsframlegget må meldast til Samfunnsstyret skriftleg, og framlegget skal handsamast på eit ekstraordinært medlemsmøte. Det må 2/3 fleirtal til for at eit styremedlem kan løysast frå sitt verv. Medlemar av leiargruppa kan ikkje avsettast via mistillit.

§ 4 Årsmøte og medlemsmøte

§ 4.1 Årsmøtet er Studentsamfunnet i Volda sitt øvste organ. Det skal arrangerast i januar kvart år. Det skal også arrangerast eit medlemsmøte i august. Ekstraordinære møtar for å behandle val, vedtektar eller mistillit, skal omtalast som ekstraordinære medlemsmøte.

§ 4.2 Fristar for årsmøtet.

a) Innkalling skal sendast ut minst 21 dagar før møtet.

b) Sakspapir skal sendast ut seinast ei veke før møtet.

c) Innkalling og sakspapir til medlemsmøte skal sendes ut minst ei veke før møtet.

§ 4.3 Rettar og plikter

- a) Styret i Studentsamfunnet i Volda har møteplikt.
- b) Alle medlemmar har møte- og talerett.
- c) Alle studentar med medlemskap har stemmerett.

§ 4.4 Møtegjennomføring

- a) Styret innstiller møteleiar og referent som veljast av årsmøtet
- b) Innkalling og sakliste må godkjennast av oppmøtte studentar med medlemskap for at årsmøtet skal vere vedtaksdyktige.
- a) Avstemming vert i utgangspunktet avgjort ved handsopprekking, men dersom ein av dei stemmeberettiga ønsker det, skal avstemminga gjerast skriftleg.
- b) Dersom ikkje anna er oppgjeve skal alminneleg fleirtal gjelde.

§ 4.5 Styret i Studentsamfunnet kan innkalle til ekstraordinært medlemsmøte dersom 2/3 av styret eller 2/5 av medlemmane ønskjer det.

§ 5 Valreglement

§ 5.1 Studentar ved HVO som har medlemskap i Studentsamfunnet i Volda kan stille til val i styret. Ein kan melde seg til val fram til avstemminga har byrja.

§ 5.2 Det sitjande styret i Studentsamfunnet i Volda er valkomitte for neste styreval.

§ 5.3 Ved røystelikskap skal det haldast omval mellom representantane som fekk like mange røyster. Resulterer også dette i røystelikskap skal alle som er til stades på møtet få stemmerett.

§ 5.4 Suppleringsval skal haldast dersom eit styremedlem trekk seg frå sitt verv. Valet skal gjennomførast under eit ekstraordinært medlemsmøte, som vert avholdt snarast råd etter fråfallet i styret. Eit suppleringsvalt styremedlem skal sitje ut perioden til det opprinnelege styremedlemmet. I påvente av val kan Samfunnstyret utpeike ein person som overtar pliktane til fråfalle styremedlem.

§ 5.5 Dersom ingen stiller til val til eit verv, faller ansvaret og myndigheita til å finne ein erstattar på Samfunnstyret. Personen må bli valt einrøystlig, og den som blir valt sitt ut perioden som om han vart valt av årsmøtet.

§6 VEKA

§ 6.1 Studentsamfunnet i Volda skal kvart år arrangere Studentveka i Volda, også kalla VEKA-festivalen.

§ 6.2 Vekestyret skal veljast av styret i Studentsamfunnet i Volda, og skal bestå av vervene listet nedenfor. Styret i studentsamfunnet i Volda kan opprette nye stillingar ved behov. Booking- og teknisk ansvarlige for Studenthuset Rokken er også booking- og teknisk ansvarlige for VEKA.

- a) Vekesjef
- b) Nestleiar med økonomiansvar
- c) Arrangementsansvarleg
- d) PR ansvarleg
- e) Grafisk ansvarleg
- f) Revysjef
- g) Sponsoransvarleg

§ 6.3 Funksjonstida er frå ein vert valt og til rekneskapet for VEKA er avslutta.

§ 6.4 Styremedlem i Studentsamfunnet i Volda har møterett på Vekestyret sine møte.

§ 6.5 Eventuelt overskot frå VEKA skal plasserast på ein konto, og fungere som buffer for seinare VEKA-festivalar. Økonomiansvarleg i Studentsamfunnet i Volda skal ha råderett over denne kontoen.

§7 Avvikling av Studentsamfunnet i Volda

§7 Studentsamfunnet skal aktivt jobbe for å sikre at Studenthuset Rokken har eit relevant tilbud for studentane ved Høgskulen i Volda.

§ 7.1 Dersom Studentsamfunnet i Volda vert nedlagt skal alt utstyr som er innkjøpt for velferdsmidlar tilfalle Studenthuset AS.